

Fra: Einar Aalen Hunsager (Einar.Aalen.Hunsager@hfk.no)

Sendt: 20.12.2016 12:34:04

Til: Linda.Forstronen@avinor.no; Peter.Holmkvist@avinor.no; Sølve Dag Sundbø

Kopi:

Emne: SV: Hordaland fylkeskommune og Avinor Flesland: Ladeinfrastruktur for drosjar på Flesland

Vedlegg: image001.png

Eg ber sjølv sagt om tilbakemelding viss de har kommentarar til oppsummeringa!

Venleg helsing

Einar Aalen Hunsager

Rådgjever, transport og energi
Regionalavdelinga | Klima og naturressursseksjonen

HORDALAND FYLKESKOMMUNE

Tlf: 55 23 93 22 | Mob: 409 16 229

www.hordaland.no

Fra: Einar Aalen Hunsager

Sendt: 20. desember 2016 12:33

Til: Linda.Forstronen@avinor.no; Einar Aalen Hunsager <Einar.Aalen.Hunsager@hfk.no>;
Peter.Holmkvist@avinor.no; Sølve Dag Sundbø <Solve.sondbo@hfk.no>

Emne: Hordaland fylkeskommune og Avinor Flesland: Ladeinfrastruktur for drosjar på Flesland

Under følgjer ei kort oppsummering av møtet vårt i dag. Vi ser fram til vidare dialog!

Hordaland fylkeskommune og Avinor Flesland: Ladeinfrastruktur for drosjar på Flesland

19. desember 2016

13:22

Møtedato: 19.12.2016 14:00

Plassering: Bergen lufthavn

Koble til Outlook-element: [klikk her](#)

Deltakere

 [Forstrønen, Linda](#) (Møtearrangør)

 [Einar Aalen Hunsager](#)

 [Holmkvist, Peter](#)

 [Sølve Dag Sundbø](#)

Notater

<<Prosjektplan Ladeinfrastruktur drosje v2.pdf>>

1. Gjennomgang av prosjektskissen og kontekst for prosjektet v/HFK.

Hovudmålet er å leggje til rette for nullutsleppsdrogsjar med ladeinfrastruktur ved flyplassen. Offentlege mynde må syte for at overgangen til nullutsleppskøyretøy er mogleg før dei sett eventuelle krav.

2. Diskusjon rundt moglege plasseringar av ladeinfrastruktur ved flyplassen: Depot, Circle K, P-plass.

Ei plassering utafor drosjodepotet sett føre at taxi management-systemet gjer det mogleg for drosjane å lade utan ulempe. Dette er teknisk mogleg, men det er per i dag ikkje semje mellom drosjenæringa og Avinor om korleis dei tekniske moglegheitene vert nytta.

3. Oppfølging:

- a. Hordaland fylkeskommune hentar inn dokumentasjon på at Taxi 1 kan gjennomføre prosjektet.
 - b. Avinor Flesland sender data på ventetid for drosjar per time i døgnet.
 - c. Avinor Flesland kan vurdere om dei kan garantere at funksjonane i taxi management-systemet vert nytta slik at lading utafor depotet er mogleg og utan ulempe. Sentrale spørsmål er korleis drosjesjåførar kan følgje køen utanfor depotet, eventuelt køyre direkte frå lading til kunde. Då kan ein vurdere om midlane frå prosjektet kan nyttast gjennom avtalen Avinor har med Circle K.
 - d. Dersom Avinor Flesland treng meir tid til å innføre taxi management-systemet i samråd med drosjenæringa, vil fylkeskommunen anbefale at det vert lagt til rette for lading på depotet.
4. Frist for å akseptere tilbod om tilskot frå Miljødirektoratet er 01.02.17. Avinor og fylkeskommunen fortsett dialogen rett etter nyttår, med mål om å avgjere korleis ein best når målet om tilrettelegging for overgangen til nullutsleppskøyretøy.